

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/27

av 26. april 2004

om godkjenning av kriseplanar for kamp mot aviær influensa og Newcastle disease(*)

[meldt under nummeret K(2004) 1517]

(2004/402/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske
republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta,
Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 2 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Den tsjekkiske republikken,
Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen,
Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 21,

med tilvising til rådsdirektiv 92/40/EØF av 19. mai 1992 om
innføring av fellesskapstiltak for å bekjempe hønsepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 17 nr. 4 andre leddet,

med tilvising til rådsdirektiv 92/66/EØF av 14. juli 1992
om innføring av fellesskapstiltak for å bekjempe Newcastle
disease⁽²⁾, særleg artikkel 21 nr. 4 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av kommisjonsvedtak 2004/102/EF av
26. januar 2004 om godkjenning av kriseplanar for
motkjemping av aviær influensa og Newcastle disease⁽³⁾
er dei nemnde kriseplanane godkjende for dei noverande
medlemsstatane.
- 2) Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia,
Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia har
lagt fram for godkjenning kriseplanar for motkjemping
av aviær influensa og Newcastle disease.
- 3) Desse kriseplanane stettar dei kriteria som er fastsette i
direktiv 92/40/EØF og 92/66/EØF, og gjer det mogleg
å nå dei ønskete måla dersom planane vert ajourførde
jamleg og effektivt gjennomførde.
- 4) Planane som er lagde fram av dei nye medlemsstatane,
bør difor godkjennast. Av omsyn til klarleiken bør
kriseplanane for dei noverande medlemsstatane òg
godkjennast ved dette vedtaket.

5) Vedtak 2004/102/EF bør difor opphevast og bytast ut
med dette vedtaket.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Kriseplanane for motkjemping av aviær influensa og
Newcastle disease som er lagde fram av dei noverande
medlemsstatane som er førde opp i vedlegget, er godkjende.

2. Kriseplanane for motkjemping av aviær influensa og
Newcastle disease som er lagde fram av dei nye medlemsstatane
som er førde opp i vedlegget, er godkjende.

Artikkel 2

Føresegna i artikkel 1 nr. 2 skal nyttast med atterhald for og
frå den datoen då tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske
republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta,
Polen, Slovenia og Slovakia tek til å gjelde.

Artikkel 3

Vedtak 2004/102/EF vert oppheva.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. april 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 123 av 27.4.2004, s. 111,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2005 av 29. april 2005 om
endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasenitære forhold),
se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005,
s. 8.

(1) TEF L 167 av 22.6.1992, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF)
nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

(2) TEF L 260 av 5.9.1992, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF)
nr. 806/2003.

(3) TEU L 30 av 4.2.2004, s. 22.

VEDELEGG

Liste over dei noverande og dei nye medlemsstatane som er nemnde i artikkel 1

Kode	Stat
AT	Austerrike
BE	Belgia
CY	Kypros
CZ	Den tsjekkiske republikken
DE	Tyskland
DK	Danmark
EE	Estland
EL	Hellas
ES	Spania
FI	Finland
FR	Frankrike
HU	Ungarn
IE	Irland
IT	Italia
LV	Latvia
LT	Litauen
LU	Luxembourg
MT	Malta
NL	Nederland
PL	Polen
PT	Portugal
SE	Sverige
SI	Slovenia
SK	Slovakia
UK	Det sameinte kongeriket